

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn



Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Askvoll kommune

Utval: Kontrollutval – Askvoll kommune
Møtedato: 21.05.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Møteom 2.etg.
Møtenr.: 2/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen sak (015/12), Revisor sak (15/12)

Melding til: Ordførar(møterett), rådmannen og KRYSS- revisjon(møterett) og varamedlemmer (varamedlemer vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 013/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 014/12 Skriv og meldingar
- 015/12 Årsrekneskapen 2011 for Askvoll kommune
- 016/12 Status i administrasjonen sitt arbeid i høve forvaltningsrevisjonsrapport
«Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg.»
- 017/12 Oppfølgingsliste 2-2012 Askvoll.
- 018/12 Eventuelt

Askvoll 14.05 2012.

Jorunn Ringstad (s)
Leiar


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

013/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.05.2012

Utvål	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2012	013/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

014/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 09-12 E-post frå kontrollutvalet til Askvoll kommune – «Kontrollutvalssak 04/12 klagesak – vurdering av lovlegheit kommunestyrevedtak sak 15/11 forskrift for vass- og avlaupsgebyr – Askvoll», datert 15. mars 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 15. mars 2012 11:13
Til: 'postmottak@askvoll.kommune.no'
Kopi: 'jorrings@online.no'
Emne: Kontrollutvalsak 04/12 Klagesak - Vurdering av lovlegheit kommunestyrevedtak sak 15/11 Forskrift for vass- og avlaupsgebyr - Askvoll
Vedlegg: 04.12 Klagesak - vurdering av lovlegheit kst-vedtak 015-11 forskrift for vass- og avlaupsgebyr.pdf

Kontrollutvalet i Askvoll kommune har motteke brev frå Friplan om Klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse. Brevet er datert 12.11.2011. I brevet til kontrollutvalet ber Friplan om at kontrollutvalet tek opp til nærare vurdering lovlegheita av kommunestyrevedtak sak 15/11 som vart handsama i kommunestyret 12.05.2011. Vedlagt brevet til kontrollutvalet følgde kopi av brev frå Friplan til Askvoll kommune om Klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse. Brevet frå Friplan vart lagt fram for kontrollutvalet i Askvoll 14.03.2012.

Kontrollutvalet i Askvoll gjorde følgjande vedtak i saka:

- Kontrollutvalet er ikkje klageorgan.
- Kontrollutvalet sender saka over til rådmannen.
- Kontrollutvalet ber om å få svarbrevet frå rådmannen på brev frå Friplan av 12.11.2011.

Kontrollutvalet vurderer det slik at rådmannen må handsame klagesaka frå Friplan.

Vi ber om at kontrollutvalet får tilsendt svar frå rådmannen som er sendt Friplan vedrørende saka samt vedtaket gjort i klageutvalet i saka.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Twitter: @sgrtv

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Faks: 57 72 20 10

015/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - ASKVOLL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 18.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.05.2011	013/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Utkast til fråsegn frå kontrollutvalet i Askvoll kommune, datert 21.05.2012.
- Årsmelding 2011, datert 30. mars 2012
- Rekneskap 2011, datert 20.04.2012.
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon, datert 20. april 2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Askvoll kommune, datert 21.05.2011.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2011 - ASKVOLL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Askvoll kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til bystyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er inkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Askvoll

Askvoll 21.05.2012

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR ASKVOLL KOMMUNE

Årsrekneskapen 2011 for Askvoll kommune er handsama i kontrollutvalet i Askvoll 21.05.2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2011 for Askvoll kommune.
- Årsmeldinga frå administrasjonssjefen datert 30.03.2012.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 20.04.2012.
-

Årsrekneskapen er levert av administrasjonssjefen. Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat på kr. – 2,093 mill., og eit netto driftsresultat på kr. - 4,049 mill. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp balanse.

Revidert driftsbudsjett på inntektssida var kr. 202,3 mill. Rekneskapen viser kr. 213,5 mill. Posten "Overføringar med krav til motytingar" er hovudårsak til avviket.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 204,4 mill. Rekneskapen viser kr. 215,6 mill. Det er postane «kjøp som inngår i kommunal produksjon» og «kjøp som erstattar kommunal produksjon» som er hovudårsak til dette avviket.

Netto driftsresultat er kr. 0,078 mill. dårlegare enn budsjettet.

Kontrollutvalet viser også til årsmeldinga kapittel 5 "Avvik mellom rekneskap og budsjett". Dette viser at det berre er mindre avvik i ulike områda.

Investeringsrekneskapen er gjort opp utan udekka beløp. Manglande finansiering på prosjekt har blitt finansiert med ubrukne lånemidlar frå tidlegare år.

Kontrollutvalet vil også peike på at kommunen har høg lånegjeld. Gjeldsgrada er auka frå 85,3% i 2010 til 92,6 % i 2011.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å omtale rekneskapen på ein tilfredsstillande måte.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har to presiseringar.

Med presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Askvoll kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Jorunn Ringstad

Ole Andreas Myrstad


Ruben Fedøy

-leiar-

Kjellaug Mikalsen

Walter Gundersen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



Askvoll
KOMMUNE

ÅRSMELDING 2011

Innhold:

1. INNLEIING	3
2. DRIFTSREKNESKAPEN	3
2.1 Resultatoversikt 2011	4
2.2 Resultatutvikling dei siste åra	5
2.2.2 Tertialrapportering	6
2.2.3 Budsjett 2012.....	6
2.2.4 Resultat 2011 på ansvar.....	6
2.3 Grafisk oversikt over driftsinntekter og driftsutgifter	7
2.4 Frie inntekter	8
2.5.1 Generelt	9
2.5.2 Endring i kostnadsnøkler i inntektssystemet	9
2.6 Endring i regelverk momskompensasjon	9
2.7 Pensjon	10
2.8 Tilskot ressurskrevjande brukarar	10
2.9 Anordningsprinsippet	10
2.10 Sjølvkost.....	11
2.11 Langsiktig gjeld.....	11
2.12 Forklaring til avvik på hovudoversikter – drift	11
3. INVESTERINGSREKNESKAPEN	11
3.1 Investeringar	11
3.2 Forklaring til avvik på hovudoversikter – investering	11
4. BALANSEN.....	12
4.1 Kort om begrepa	12
4.1.1 Balanse	12
4.1.2 Omløpsmidlar	12
4.1.3 Kortsiktig gjeld.....	12
4.1.4 Langsiktig gjeld.....	12
4.1.5 Eigenkapital.....	12
4.1.6 Arbeidskapital	12
4.3 Likviditet	13
5. AVVIK MELLOM REKNESKAP OG BUDSJETT	13
5.1 Rådmann – ansvar 100	13
5.2 Oppvekst – ansvar 200-290	15
5.3 Askvoll legesenter – ansvar 300.....	17
5.4 NAV – ansvar 355	18
5.5 HAFS Interkommunale barnevern – ansvar 360.....	19
5.6 Pleie- og omsorgssjef – ansvar 370	20
5.7 Felles landbrukskontor Askvoll og Fjaler – ansvar 510	22
5.8 Teknisk avdeling – ansvar 600-620	22
5.9 Finansielle føremål – ansvar 900	23
5. LIKESTILLING.....	24

Vedlegg:

1. Fullstendighetserklæring vedk. Askvoll Kommune sin årsrekneskap for 2011
2. Diverse notar
3. Økonomisk oversikt drift
4. Økonomisk oversikt investering
5. Balanserekneskap
6. Rekneskapskjema 1A, 2A, 1B og 2B

1. INNLEIING

Årsmeldinga er ei utgreiing frå rådmann som presenterer og analyserer kommunen si utvikling, spesielt dei faktorar som påverkar resultat og finansiell stilling. Framstillinga skal hjelpe brukarane til å kunne vurdere kommunen si historiske og framtidige utvikling.

Askvoll kommune si årsmelding for 2011 tek i hovudsak føre seg den økonomiske sida av drifta. Hovudbodskapen i meldinga er korleis tildelte midlar har vorte nytta, og ei forklaring der det er større avvik, samt økonomisk status pr. 31.12.11.

Årsmeldinga vil seinare bli følgt opp med ein årsrapport som seier noko om trendar og utvikling av tenestetilbodet i kommunen. Årsrapporten vert lagt fram for kommunestyret i juni 2011.

Årsmeldinga er bygd opp etter kommunal rekneskapsstandard nr. 6 om noter og årsmelding. Informasjon ut over krava i standarden er å finne i årsrapporten. Dette for å skilje kva som er pliktig informasjon etter lov og forskrift, og kva som er "anna" informasjon.

2. DRIFTSREKNESKAPEN

For fullstendig talmateriale sjå rekneskapsskjema 1A og 1B, samt Økonomisk oversikt drift og noter.

2.1 Resultatoversikt 2011

	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
Driftsinntekter			
Brukarbetalingar	-8 260 811	-8 263 000	-7 825 798
Andre sals- og leigeinntekter	-19 608 712	-17 527 860	-17 545 505
Overføringar med krav til motytningar	-25 968 637	-17 746 691	-36 607 479
Rammetilskot frå staten	-103 135 174	-101 346 000	-87 496 083
Andre statlege overføringar	-4 696 315	-5 104 000	-4 000 891
Andre overføringar	-1 078 098	-340 000	-567 622
Skatt på inntekt og formue	-50 601 372	-51 750 000	-55 077 284
Andre direkte og indirekte skattar	-192 928	-200 000	-185 540
Sum driftsinntekter	-213 542 046	-202 277 551	-209 306 202
Driftsutgifter			
Lønsutgifter	120 615 607	118 511 699	116 220 672
Sosiale utgifter	25 809 767	25 442 342	25 747 329
Kjøp som inngår i kommunal prod.	30 323 462	26 816 038	28 483 603
Kjøp som erstattar kommunal prod.	15 431 895	11 169 365	15 017 160
Overføringar	17 565 368	16 007 545	12 005 035
Avskrivningar	8 333 979	8 100 000	7 980 330
Fordelte utgifter	-2 444 699	-1 685 638	-2 442 723
Sum driftsutgifter	215 635 380	204 361 351	203 011 406
Brutto driftsresultat	2 093 333	2 083 800	-6 294 796
Finansinntekter			
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-2 160 475	-2 200 000	-2 237 083
Mottekne avdrag på lån	-34 100	-50 000	-68 921
Sum eksterne finansinntekter	-2 194 575	-2 250 000	-2 306 004
Finansutgifter			
Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	5 796 919	6 200 000	5 215 066
Avdragsutgifter	6 557 691	5 938 000	6 124 383
Utlån	130 286	100 000	66 615
Sum eksterne finansutgifter	12 484 896	12 238 000	11 406 064
Resultat eksterne finanstransaksjonar	10 290 321	9 988 000	9 100 060
Motpost avskrivningar	-8 333 979	-8 100 000	-7 980 330
Netto driftsresultat	4 049 676	3 971 800	-5 175 066
Interne finanstransaksjonar			
Bruk av tidl. års rekn.messige mindreforbr.	-4 604 930	-4 604 930	
Bruk av disposisjonsfond	-1 834 663	-2 642 000	-1 933 621
Bruk av bundne fond	-6 741 486	-6 112 000	-2 314 679
Sum bruk av avsetningar	-13 181 079	-13 358 930	-4 248 300
Overført til investeringsrekneskapen	940 803	1 461 000	1 722 280
Avsetningar disposisjonsfond	4 604 930	4 736 130	
Avsetningar til bundne fond	3 585 670	3 190 000	3 096 155
Sum avsetningar	9 131 404	9 387 130	4 818 435
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	0	0	-4 604 930

2.2 Resultatutvikling dei siste åra

Tekst	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009	Rekneskap 2008
Brutto driftsinntekt	213 542 046	209 306 202	205 747 129	182 456 575
Utgifter inkl. avskrivningar	-215 635 380	-203 011 406	-197 617 419	-179 661 002
Brutto driftsresultat	-2 093 333	6 294 796	8 129 710	2 795 573
Brt. Res. i % av brt. Driftsinntekt	-0,98 %	3,01 %	3,95 %	1,53 %
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	2 160 475	2 237 083	1 596 354	6 283 229
Mottekne avdrag på lån	34 100	68 921	231 768	109 219
Sum finansinntekter	2 194 575	2 306 004	1 828 123	6 392 448
Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	-5 796 919	-5 215 066	-4 603 894	-9 373 572
Avdragsutgifter	-6 557 691	-6 124 383	-6 002 534	-5 257 640
Utlån	-130 826	-66 615	-83 506	-41 387
Sum finansutgifter	-12 484 896	-11 406 064	-10 689 934	-14 672 599
Brutto driftsresultat	-2 093 333	6 294 796	8 129 710	2 795 573
Finansinntekter	2 194 575	2 306 004	1 828 123	6 392 448
Finansutgifter	-12 484 896	-11 406 064	-10 689 934	-14 672 599
Motpost avskrivningar	8 333 979	7 980 330	8 090 888	7 846 202
Netto driftsresultat	-4 049 676	5 175 066	7 358 787	2 361 624
Nto. Resultat i % av brt. Driftsinntekt	-1,90 %	2,47 %	3,58 %	1,29 %
Netto driftsresultat	-4 049 676	5 175 066	7 358 787	2 361 624
Bruk av avsetningar	13 181 079	4 248 299	3 533 677	10 817 416
Avsetningar	-9 131 404	-4 818 435	-10 892 464	-13 179 040
Rekneskapsmessig resultat	0	4 604 930	1	0

Rekneskapsmessig resultat for 2011 vart kr. 0,-

I dette resultatet ligg det bruk av disposisjonsfond på 1,8 mill. kr. I forbindelse med disponering av rekneskapsmessig mindreforbruk for 2011 (KOM-026/11) vart det satt av kr. 954 000,- til styrking av budsjett 2011 i tillegg til 500 000,- til Atløysambandet. Bruk av disposisjonsfond inneheld og kr. 300 000,- til omstillingsorganisasjonen.

Rekneskapet viser eit negativt brutto og netto driftsresultat, dette skyldast at Askvoll kommune overførte bunde fondsmidlar på 4,8 mil. kr. til stiftinga Norsk sjøfuglsenter som vart stifta i 2011. Utgifta blir ført under overføringar (driftsutgifter), medan bruk av fond kjem under interne finanstransaksjonar.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har gjort berekningar som syner at netto driftsresultat for kommunane bør liggje på om lag tre prosent av inntektene for at formuesbevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Det vil seie at kommunen skal vere i stand til å setje av midlar til framtidig bruk og til eigenfinansiering av kommunale investeringar.

Samla sett har etatane gått i balanse, men som ein vil sjå i kapittel fem er det enkelte etatar som har avvik.

2.2.2 Tertialrapportering

Askvoll kommune budsjetterte med å vere i balanse etter 2. tertialrapport pr. 31. august -11. Rådmann (ansvar 100) hadde til gode 1,5 mill, teknisk avd til gode 0,2 mill, finansielle føremål til gode 0,5 mill. Oppvekst etaten melde behov for midlar 0,5 mill, NAV behov 0,26, omsorgsetaten 1,4 mill. Midlar til gode vart ved budsjettendring tilført etatar med innmeldte behov.

2.2.3 Budsjett 2012

Budsjett 2012 er vedteke i balanse, og der alle frie inntekter er vedteke fordelt i drifta.

KS har tidlegare anbefalt at kommunen nyttar overskot tilsvarende 3 % til vedlikehald av bygningar, vegar og anna infrastruktur. Dette er ei utfordring for Askvoll kommune å få til med knappe ressursar. Dette er situasjonen også på landsbasis.

2.2.4 Resultat 2011 på ansvar


Oppsummering av resultat 2011

Mindre-/meirforbruk på etatane (minus = overforbruk) :


- ansvar 100	Rådmann	- 39 915,-
- ansvar 200-290	Oppvekst	- 720 582,-
- ansvar 300	Helseetaten	+ 22 148,-
- ansvar 355	NAV	+ 217 294,-
- ansvar 360	HAFS barnevern	+ 472 330,-
- ansvar 370	Omsorg	+ 218 305,-
- ansvar 510	Landbruk	+ 135 493,-
- ansvar 600-620	Teknisk avdeling	+ 396 537,-
- ansvar 900	Finansielt	- 701 610,-
TOTALT ansvar 100-900)		0,-

Kvart av ansvara blir forklart i årsmeldinga, under kapittel 5.

2.3 Grafisk oversikt over driftsinntekter og driftsutgifter



Oversikta over viser Askvoll kommune sine driftsinntekter. Rammetilskot og skatteinntekter utgjør 72% av driftsinntektene. Driftsinntektene er auka med 2 prosent frå 2010 til 2011. Total auke i driftsinntekter i denne perioden utgjør om lag 4,2 mill. kroner.



Oversikta over viser Askvoll kommune sine driftsutgifter. Løn og sosiale utgifter utgjør ca 68% av dei totale driftsutgiftene til kommunen i 2011. Driftsutgiftene auka med 12,6 mill. kr. frå 2010 til 2011, det er ein auke på ca 6,2% Løn og overføringer står for den største auken.


2.4 Frie inntekter

Frie inntekter består i hovudsak av rammetilskot, inntektsutjamning, skatteinntekter (frå private og føretak) og andre ikkje øyremerka statlege tilskot. Frie inntekter er hovudfinansieringskjelda for driftsrammene, og utgjer om lag 80 pst. av kommunesektoren sine samla inntekter. Dette er inntekter som kommunane kan rå fritt over, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk.

Det overordna føremålet med inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordelinga av rammetilskotet tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader (utgiftsutjamning) og skilnader i skatteinntektene (skatteutjamning). Omfordelinga som følgje av utgifts- og skatteutjamning blir utført i innbyggjartilskotet. Utgiftsutjamninga er grunngjeve med at demografiske, geografiske og sosiale tilhøve gir strukturelle kostnadsskilnader som kommunane i lita grad kan påverke. For at kommunesektoren skal kunne gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine, må ein ta omsyn til slike strukturelle kostnadsskilnader når dei økonomiske rammene for den enkelte kommune blir fastsett. Eksempel på slike kostnadsskilnader er ulik aldersfordeling eller reiseavstand innanfor kommunen. For å oppnå ei rimelig utjamning av dei økonomiske føresetnadane blir òg inntektene utjamna. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak.

Inntektssystemet inneheld òg tilskot som utelukkande er grunngjeve ut frå regionalpolitiske målsetjingar. Regionalpolitiske tilskot til kommunane er Nord-Noreg- og Namdalstilskot, småkommunetilskot, distriktstilskot Sør-Noreg og storbytilskot. Kommunar med særleg høg befolkningsvekst får eit eige veksttilskot.

I tillegg blir det gitt skjønnsstilskot for å kompensere kommunar og fylkeskommunar for spesielle, lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet.



Tabellen over viser endringar i rammetilskot og skatt frå 2007 til 2011.

Rammetilskotet auka mykje i 2011 som fylgje av innlemming av barnehagetilskot, som tidlegare var øyremerka.

2.5 Nytt inntektssystem 2011

2.5.1 Generelt

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet (IS) frå staten skal kommunane i prinsippet fullt ut kompensera for utgifter ved tenesteytinga. Kostnadsnøkkelen er den mekanismen i IS som i praksis syt for dette, og som fordelar tilskot til kommunane etter deira varierende behov. Gjennom kostnadsnøkkelen og eit oppdatert sett med kriteriedata blir det berekna eit utgiftsbehov for den enkelte kommune. Kostnadsnøkkelen er sett saman av objektive kriteria som kommunen ikkje kan påverke gjennom egne val og prioriteringar. Alderskriteriet er "grunnmuren" i kostnadsnøkkelen. Sidan alderskriteriet ikkje ivareteke etterspørselen etter kommunale teneste fullt ut, er kostnadsnøkkelen supplert med ulike sosiale kriteria som ivareteke at etterspørselen også er påverka av levkår, helsetilstand m.m. Kostnadsnøkkelen inneheld egne kriteria som ivareteke variasjonen i kostnader ved å gje ei enkelt teneste. Ulike busetnadsmønster og kommunestorleik gjer slike kostnadsvariasjonar. Regjeringa foreslår no å endre kriteria og nøklar for utgiftsbehov. Den nye kostnadsnøkkelen er laga på bakgrunn av faglige berekningar og analyser med utgangspunkt i eit oppdatert datagrunnlag.

2.5.2 Endring i kostnadsnøkklane i inntektssystemet

Kostnadsnøkklane i utgiftsutjamninga vart endra frå 2011. I tillegg vart tidlegare øyremerka tilskot innlemma i inntekssystemet frå 2011. Dei innlemma tilskota er tilskot til drift av barnehagar, tilskot til kvalifiseringsprogrammet og tilskot til krisesentra.

2.6 Endring i regelverk momskompensasjon

Frå og med 2004 har kommunane fått kompensert om lag all moms som vert betalt ved kjøp av varer og teneste frå andre. Formålet med ordninga er å nøytralisere dei konkurransevridingar som kan oppstå som følgje av meirverdiavgiftssystemet, ved at kommunen sine kjøp av varer og tenester frå private gjennom ordninga blir likestilt med kommunal eigenproduksjon. Kommunane vart frå same år trekt i rammetilskotet om lag tilsvarende den kompensasjonen som er blitt utbetalt. Kompensasjonen skjer ved innsending av krav annankvar månad ut frå betalt moms i rekneskapen, og har blitt nytta som ei inntekt i driftsrekneskapen. Om lag 2/3 av momskompensasjonen kjem frå drift, og denne vert frå 2011 ført tilbake til den avdelinga der momsen er ført som kostnad. Slik sett er dette eit nullspel for kommunen.

Resterande 1/3 av momskompensasjonen kjem frå investeringsrekneskapen. Askvoll finansierar om lag 100 % av investeringane med lån. Slik sett er den kompenserte momsen frå investeringsprosjekt finansiert med låneopptak, som igjen er nytta til å balansere kommunen si drift. Frå 2010 skal kompensasjonen frå investeringsprosjekt førast tilbake til investeringsrekneskapen. Dette vil redusere dei frie midlane kommunen har hatt til drift. For å få ein mjukare overgang, legg staten opp til at dette kan skje i ein femårsperiode frå 2010, med opptrapping med 1/5 pr. år. Dermed skal momskompensasjonen frå investeringar som er ført i driftsrekneskapen minimum reduserast med 1/5 i fem år frå og med 2010. Regjeringa har gjennomført dette for blant anna å motvirke moglegheita til å implisitt lånefinansiere drifta, og motvirke til at driftsinntektene svingar med investeringsnivået.

2.7 Pensjon

Det er eit krav at alle tilsette i kommunar skal vere dekkja av ei tenestepensjonsordning i tillegg til folketrygda. Finansieringa av pensjonsordninga skjer dels ved innskot frå arbeidsgjevar og dels frå arbeidstakar.

Arbeidstakar sin del er 2% av brutto løn, medan arbeidsgjevar sin del i 2011 har vore 13,75% av brutto løn til fellesordninga (KLP), 14% av brutto løn til sjukepleiarordninga (KLP) og 10,46% av brutto løn til Statens Pensjonskasse (SPK – lærarar).

Pensjonskostnadane vert berekna på grunnlag av e forskrift fastsett av Kommunaldepartementet (endra med verknad frå 2005). Den enkelte kommune sin årlege innbetalte premie vert kopla til pensjonskostnadane ved utrekning av det årlege premieavviket. Dette kjem fram ved å trekke pensjonskostnaden og pensjonsleverandøren sine administrasjonskostnader frå premieinnbetalinga. Eit positivt premieavvik skal inntektsførast, medan eit negativt premieavvik skal utgiftsførast. For å gjevne ut svingingane i pensjonskostnadane over tid, har Askvoll kommune til og med 2010 fordelet premieavviket over 15 år. Endringar i regleverket seier at amortiseringstida frå og med 2011 skal vere 10 år. For Askvoll kommune var det eit positivt premieavvik (inntektsføring) inkl. arbeidsgjevaravgift på 2,3 mill. kroner for KLP, og negativt premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift på 0,5 mill. kroner for SPK i 2011. Fordeling av tidlegare års premieavvik over 10 år (amortisering) har medført ei utgiftsføring på 0,56 mill. kroner totalt for både KLP og SPK i 2011. Premieavviket i 2011 er ført på teneste 17000 og fordeling av tidlegare års premieavvik er ført på teneste 17100, alt under ansvar 100 – rådmann. Totalt er det inntektsført 1,22 mill. kroner på desse to tenestene i 2011, mot 1,14 mill. kroner som budsjettert.

Askvoll kommune har i 2011 betalt kr 428 005,- i eigenkapitalinnskot til KLP. Dette er utgiftsført i investeringsrekneskapen.

Totalt eigenkapitalinnskot i KLP pr. 31.12.11 er om lag 4,4 mill. kroner.

2.8 Tilskot ressurskrevjande brukarar

Askvoll kommune har inntektsført 5 mill. kroner i tilskot til ressurskrevjande brukarar i 2011, summen er ført i balansen på konto 21375002 (kunde krav – manuelle). Tilskotet er rekna ut frå utgifter i 2011.

I 2011 har Askvoll kommune hatt til saman 12,154 mill. kroner i dokumenterte utgifter som gjev grunnlag for refusjon. Det er rapportert inn 11,033 mill. kroner som nettoutgift. Forventa refusjon frå staten er 5,086 mill. kroner.

Kommunen må sjølv bære kostnad opp til innslagspunkter som for 2011 var 935 000,- pr brukar, i tillegg til 20% eigendel. Staten si dekningsgrad er 80% for utgifter over innslagspunktet.

2.9 Anordningsprinsippet

Anordningsprinsippet seier at "alle kjente utgifter/utbetalningar og inntekter/innbetalningar i året skal tas med årsregnskapet for vedkommende år, enten de er betalt eller ikkje når årsregnskapet avsluttes".

I desember 2011 vart det gjennomført ekstra lønskøyringar for å få med t.d. reiserekningar og andre lønsutgifter som høyrer til 2011.

2.10 Sjølvkost

Det er gjennomført berekning av sjølvkost for vatn og avlaup (sjå note 11).

2.11 Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld består av langsiktige lån og pensjonsforpliktingar (om pensjon sjå note 2). Lånegjelda til Askvoll kommune består av eksterne lån til finansiering av investeringar (innlån) og lån til vidare utlån (utlån).

Total lånegjeld pr. 31.12.10 utgjer 193 mill. kroner,-. Av dette utgjer lån til vidare utlån 12,7 mill. kroner. (sjå note 10)

2.12 Forklaring til avvik på hovudoversikter – drift

Det vert i lita grad budsjetttert med sjuke- og fødselsrefusjonar og vikarutgifter i driftsbudsjettet. Dette forklarar avviket mellom budsjett og rekneskap for 2011 på konto for overføringar med krav til motytelse og løn- og sosiale utgifter.

3. INVESTERINGSREKNESKAPEN

For fullstendig talmateriale sjå rekneskapsskjema 2A og 2B, samt Økonomisk oversikt investering og noter til årsrekneskapen.

3.1 Investeringar

Oversikt over pågåande investeringsprosjekt i 2011 er å finne i note 9 til årsrekneskapen. Prosjekt Askvoll skule var det største prosjekter i 2011, og var byggesteg 1 i rehabilitering av Askvoll skule. Byggesteg 1 har vore gjennomført over to år, totalkostnad inkl. prosjektering vart 17,8 mill kr. Byggetrinn 2 er lagt inn med prosjekteringskostnader på 1,5 mill kr. i 2012 med byggestart i 2013, ferdig 2014. Total kostnad byggesteg 2 er rekna til 13,5 mill kr.

Manglande finansiering på diverse prosjekt har blitt finansiert med ubrukte lånemidlar frå tidlegare år. Investeringsrekneskapen er såleis gjort opp utan udekka beløp. Jmf veileder frå Kommunal og Regionaldepartementet (KRD) av oktober 2011 vedkommande «budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsreknskapet»

Desse prosjekta er : Adm.lokale kr. 382 031, Askvoll skule rehabilitering kr. 1 187 107, Agresso oppdatering 219 076,- utviding Sauesund bustadfelt kr. 499 570,- Stongfjorden kapell kr. 100 302, parkeringsplass Gjelsvik gravplass kr. 54 798,-, Bulandet vassverk kr. 257 722 og Kvammen vassverk kr. 347 755,-

Manglande finansiering kjem av underbudsjettering, oppbrukt ubunde investeringsfond (budsjetttert ikkje solgt eigedom) , og strykingar i forbindelse med årsavslutning tidlegare år.

3.2 Forklaring til avvik på hovudoversikter – investering

Prosjekta i investering går over fleire år, sjølv om det er vedteke i budsjettet for eit bestemt år. Dette gjer til at det blir avvik mellom inntekter/utgifter i budsjett og rekneskap.

For å få korrekt bilde over kvart prosjekt i forhold til budsjett, må ein sjå på prosjektrekneskap som blir satt opp når kvart enkelt prosjekt er ferdig. I tillegg har det ikkje vore praksis for å budsjettere på fleire utgiftskontoar innanfor same prosjekt. Dette genererer avvik innanfor dei ulike typane utgift i oversiktene då det på nokre kontoar er budsjetttert meir enn forbruk medan det på andre ikkje er budsjetttert. I tillegg er det ikkje budsjetttert med avdragsutgifter og mottekne avdrag på formidlings/startlån da dette er transaksjonar som vert nulla ut ved årsavslutning.

4. BALANSEN

Balansen er framvist både i ei hovudoversikt og med fleire detaljar i sjølve årsrekneskapen, i tillegg til obligatoriske notar.

4.1 Kort om begrepa

4.1.1 Balanse

I oversikta vedkomande nøkkeltal frå balansen vil ein finne dei viktigaste samanhengane når rekneskapen skal analyserast. Den inneheld opplysningar over bokførte eigedelar, gjeld og eigenkapital pr. 31.12.

4.1.2 Omløpsmidlar

Omløpsmidlane er det som til ei kvar tid er inneståande på bankkonto. Kortsiktige krav er ulike krav kommunen har som skal innbetalast på kort sikt, t.d. restansar på kommunale avgifter, ulike refusjonar frå stat, fylke og frå private som enno ikkje er betalte.

4.1.3 Kortsiktig gjeld

Den kortsikte gjelda i kommunen er postar som skal betalast på kort sikt, t.d. skattetrekk, feriepengar og diverse kreditorgjeld bokført pr. 31.12.

4.1.4 Langsiktig gjeld

Dette er alle langsiktige lån som kommunen har teke opp til finansiering av kommunale investeringar, dvs. kommunen si lånegjeld.


4.1.5 Eigenkapital

I eigenkapitalen ligg det som er avsett til fond og udisponert/udekka overskot/underskot frå tidlegare år. Resten er endring i rekneskapsprinsipp og kapitalkontoen, som er å sjå på som ein motkonto vedkomande unytta lån, aktivering av eigekomar med meir.

4.1.6 Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er det som er tilgjengeleg i omløpsmidlane fråtrekt den kortsikte gjelda. Ein kjem då fram til kva som er likvide driftsmidlar inkl. unytta lån og fond.

4.2 Utvikling i arbeidskapital



4.3 Likviditet

	2007	2008	2009	2010	2011
Likviditetsgrad 1	1,31	1,21	1,50	1,45	1,27
Likviditetsgrad 2	0,96	0,59	1,00	0,82	0,54

Likviditetsgrad 1= omløpsmidlar/kortsiktig gjeld>2

Denne bør vere større enn 2, fordi nokre av omløpsmidlane kan vere lite likvide, dvs vanskeleg å gjere fort om til kontantar.

Likviditetsgrad 2= mest likvide omløpsmidlar/kortsiktig gjeld>1

Mest likvide omløpsmidlar er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar som raskt kan gjerast om til kontanter. Denne bør vere større enn 1

Tabellen syner at likviditeten til Askvoll kommune ikkje er tilfredsstillande.

5. AVVIK MELLOM REKNESKAP OG BUDSJETT

5.1 Rådmann – ansvar 100

	Rekneskap 2011	Rev. Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Inntekter	-17 403 719	-14 923 635	-14 044 179
Utgifter	29 685 867	27 165 868	22 209 668
Sum rådmann	12 282 148	12 242 233	8 165 489

Rekneskapen for sentraladministrasjonen syner eit samla overforbruk på kr.39.915,

Oversyn over dei ulike tenestene under

Område	Rekneskap 2011 Nettoutgift/inntekt for kvart område	Revidert budsjett 2011 (Justert for auka inntekt frå momskompensasjon)
Politisk styring	2.001.692	1.643.880
Regionråd	10.000	37.800
Revisjon	458.500	458.500
Kommune- og fylkestingsval	208.884	164.537
Kontrollutval	116.609	149.000
Administrativ leiding	2.545.857	2.691.217
Økonomiforvaltning	2.384.748	2.205.800
Interkomm. arbeidsgjevarkontroll	131.100	125.000
Tillitsvalde	276.564	267.555
Fellesfunksjonar og fellesutgifter	1.419.700	1.395.336
Interkommunalt IKT-samarbeid	1.230.813	1.335.225
Årets premieavvik	- 1.782.563	- 1.756.668
Amortisering premieavvik tidl. År	564.533	619.318
Diverse fellesutgifter	350.544	455.000
Overformynderiet	19.707	38.150
Nærmiljøsentralen	235.681	185.095
Kommunal næringsverksemd	- 1.288.318	- 1.302.209
Tilrettelegging og bistand for næringslivet	720.969	881.065
Turistinformasjon – (Jensbua)	287.000	290.000

Transporttiltak (transport av helsepersonell)	70.288	200.000
Kaier	- 152.051	- 25.000
Kulturminne	46.459	43.385
Idrett	10.000	10.000
Drift og vedlikehald idrettsanlegg	0	20.000
Drift- og anleggstøtte til idrettsorganisasjonar	0	300.000
Støtte til frivillige lag og organisasjonar	50.686	50.686
Kulturvern (Kystmuseet)	44.980	45.000
Bygdebøker (tilskot til allmennsoga)	42.402	45.000
Sogenemnda (allmennsoga)	256.210	153.000
Den norske kyrkja	3.273.800	3.273.800
Andre religiøse føremål	50.437,-	40.000

Kommentarar til dei største avvika

Politisk styring - teneste 10000

Rekneskapet syner eit overforbruk på om lag kr.360.000,- knytt til godtgjersle, pensjon og arbeidsgjevaravgift. Av dette utgjer utgiftene til etterløn ordførar om lag kr.225.000,-

Kommune- og fylkestingsval - teneste 10080

Overforbruk på om lag kr. 40.000,- skriv seg frå auka utgifter til kjøp frå leverandøren av valsystemet.

Administrativ leining – teneste 12010

Underforbruk kr. 117.000,- på grunn av vakanse i stilling

Økonomiforvaltning – teneste 12020

Overforbruk på om lag kr.180.000,- på grunn av refusjonen ved permisjon og sjukefråvær er mindre enn vikarutgiftene.

Årets premieavvik – teneste 17000

Tenesta er ei rekneskapsmessig føring i samband med pensjonskostnadane. Tenesta vart etter 2. tertialrapport justert og budsjetttert med eit positivt avvik (inntekt)på 1,75 mill. Nettobudsjettet til ansvar 100 vart på grunn av auka inntekt redusert med 1,5 mill . Rekneskapen syner inntekt på 1,78 mill.

Interkommunalt IKT-samarbeid – teneste 12053

Underforbruk kr.100.000,- på grunn av vakanse i stilling på SYSIKT.

Drifts- og anleggstønad til idrettsorganisasjonar – teneste 38020

I denne tenesta er tilskot til basseng i Bulandet budsjetttert. På grunn av manglande framdrift i prosjektet vart tilskot kr.300.000,- ikkje utbetalt og dermed eit underforbruk på kr.300.000,-

Sogenemnda – teneste 38552

Allmennsoga for Askvoll kommune bind II vart ferdig på hausten i 2011 og eit viktig prosjekt for Askvoll kommune er avslutta.

Kostnaden med bind II var i tråd med budsjettet, salet av bøker i 2011 var noko mindre enn budsjetttert. Tenesta syner eit netto overforbruk på kr.100.000,-

5.2 Oppvekst – ansvar 200-290

	Rekneskap 2011	Rev. Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Inntekter	-10 431 802	-5 839 859	-18 352 323
Utgifter	69 890 103	64 577 578	65 068 741
Sum oppvekstetaten	59 458 301	58 737 719	46 716 418

Avvik pr. ansvarsområde

Ansvar	Ansvar (T)	Rekneskap	Revidert budsjett	Avvik i kr
200	Oppvekstsjef	7 110 992	6 590 889	520 103
210	Rektor Askvoll Skule	16 904 211	16 810 825	93 386
211	Rektor Atløy Skule	4 622 536	4 753 122	-130 585
212	Rektor Bulandet Skule	7 318 406	7 246 350	72 056
213	Rektor Gjelsvik Skule	5 807 887	5 870 173	-62 285
215	Rektor Stongfjorden Skule og barnehage	2 431 283	2 488 615	-57 331
250	Rektor Askvoll Kulturskule	981 701	874 525	107 176
271	Styrar Røverompa Barnehage	5 130 186	4 619 421	510 765
272	Styrar Nipa Barnehage	1 656 257	1 776 675	-120 417
273	Styrar Gjelsvik Barnehage	1 897 944	1 750 399	147 545
274	Styrar Holmedal Barnehage	1 849 499	1 770 927	78 572
276	Styrar Bulandet Barnehage	1 517 828	1 790 069	-272 240
280	Biblioteksjef	1 132 226	1 078 612	53 614
290	Helsestasjon	1 097 339	1 317 117	-219 777
	Totalt	59 458 301	58 737 719	720 582

Generelt. (Viser til rekneskapsrapportar i 2011)

Oppvekstetaten fekk i budsjettvedtak K-sak 053/10 tildelt ei total ramme på kr 57 294 000,-

For å halde denne ramma måtte ein redusere etaten sitt budsjettframlegg med kr 744.000,-

Undervisningsutvalet vedtok reduksjon i grunnbemanninga i alle barnehagane og auka foreldrebetaling for deltids plassar .

Etaten greidde berre delvis å gjennomføre desse innsparingstiltaka våren 2011

Klare politiske signal om å tilby barnehageplass til dei som søkte, førte til auka bemanning i barnehagane frå hausten 2011. I tillegg kom behov for meir spesialundervisning. Behov for ekstramidlar for å dekke inn desse meirutgiftene var berekna til kr 940.000. Kommunestyret gjorde vedtak om å overføre kr 660.000. Resten skulle dekkast gjennom innsparing.

Nye utfordringar med norskopplæring til framandspråkelevar og auka energikostnader vart dekkast inn med overføring av kr 500.000 til oppvekst 2. tertial.

Rekneskapstala for 2011 syner at etaten *samla sett* går i balanse på lønn.

Sjukelønnsrefusjonar, fødselspengar og andre refusjonar dekkjer inn overforbruket.

Samla overforbruk oppvekst på kr 721 000 skuldast mellom anna:

- Meirforbruk energi på kr 90.000
- Utgift til barnehagar i andre kommunar med kr 93 000

- Refusjon spesialundervisning til private 277 000
- Skuleskyss 152 000

200 Oppvekstsjef

Overforbruket skuldast utgifter til barnehageplass (privat barnehage i annan kommune), refusjon av spesialundervisning til privatskular (etterslep frå 2010) og skuleskyssen som har auka med 14% frå året før. Det er og sett i gang opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarakar. Dette er delvis dekkja av statleg tilskot og eigenbetaling

210 Askvoll skule

Overforbruk på drift og vedlikehald. Strømutgifter i 2011 (auka med 38% i høve 2010). I tillegg kjem overføring av utgifter til vaktmeiseterstenester, ekstra utgifter til kompressor og sd-anlegg.

211 Atløy skule

Innsparing på lønn ved mindre lønsutgifter til vikar ved permisjonar. Meir i refusjon enn budsjettert frå anna kommune

212 Bulandet skule

Overforbruk på drift og vedlikehald skuldast i hovudsak utskifting av lysarmatur i gymsal og overføring av utgifter til vaktmeiseterstenester

213 Gjelsvik skule

Innsparing på lønn ved mindre lønsutgifter til vikar ved permisjonar.

215 Stongfjorden skule og barnehage.

Innsparing på lønn ved mindre lønsutgifter til vikar ved permisjonar.

Overforbruk energi på ca. 10.000,- kr. Dette kan skuldast ein kald vinter og høge prisar på strømm.

Sfo, brukarbetaling for kommunale tenester har eit overforbruk. Dette kan komme av at leksehjelpa går inn som ein del av sfo og den er gratis.

250 Askvoll kulturskule

Overforbruket på lønn vert i stor grad dekkja opp med meirinntekter på refusjonar og sal av tenester. Utgifter til leige av hus og div forbruksmateriell er høgare enn budsjettert medan brukarbetaling for tenester er lågare enn budsjettert.

271 Røverompa barnehage

Avviket skuldast i all hovudsak overforbruk på lønn. Barnehagen har hatt eit driftsår med mykje langtidssjukemeldingar og ein del korttidsfråvær som ikkje gjev rett til refusjon (arbeidsgjevarperioden).

272 Nipa barnehage

Brukarbetaling og refusjon frå andre kommunar er høgare enn budsjettert.

273 Gjelsvik barnehage

Avviket skuldast overforbruk på lønn. I tillegg er det mindre inntekt frå brukarbetaling enn budsjettert.

274 Holmedal barnehage

Avviket skuldast overforbruk på lønn.

276 Bulandet barnehage

Innsparing på lønn ved mindre lønnsutgifter til vikar ved permisjonar.

280 Biblioteksjef

Avviket skuldast overforbruk på lønn.

290 Helsestasjon

Innsparing på lønn. Jordmorstilling i vakanse.

Ola Bolstad

Kommunalsjef oppvekst

5.3 Askvoll legesenter – ansvar 300

	Rekneskap 2011	Rev. Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Inntekter	-1 709 573	-1 370 163	-1 544 885
Utgifter	6 096 425	5 779 163	6 021 709
Sum helse	4 386 852	4 409 000	4 476 824

Fordeling i rekneskapen (budsjett for 2011 i parantes)

Miljøretta helsevern	kr. 121 213,-	(kr 114 142,-)
Askvoll legesenter	kr. 2 850 623,-	(kr 2 836 292,-)
Helsehuset	kr 547 511,-	(kr 590 771,-)
Medisinsk nødmeldetjeneste	kr. 867 503,-	(kr 867 795,-)

Rekneskapen for 2011 viser at Askvoll legesenter (helse) har eit overskot på kr 22 148,-.

Kommentar til rekneskapen:

Målet for 2011 var å oppretthalde normal drift av kontoret. Ein av fastlegane hadde svangerskapspermisjon det meste av året. I denne tida hadde vi vikar frå vikarbyrået NordVik som vi har hatt god erfaring med frå tidlegare. Stillinga var utlyst i legetidsskrift og aviser. Det melde seg søkjarar, men av ulike grunnar vart ingen av desse tilsett. Det er noko ekstra utgifter å bruke vikarbyrå. For denne perioden vart ekstraavgiftene på ca kr. 15 000,-. Likevel såg vi det som ei god løysing å nytte vikarbyrået.

På inntektsida (sal av varer og tenester + inntekter til turnuslege) er vi i år bra i samsvar med budsjettet.

Totalt sett er det godt samsvar mellom rekneskap og budsjett

5.4 NAV – ansvar 355

	Rekneskap 2011	Rev. Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Inntekter	-1 060 292	-1 094 150	-1 178 358
Utgifter	5 162 798	5 413 950	4 029 859
Sum NAV	4 102 506	4 319 800	2 851 501

Rekneskapen viser at NAV har hatt eit mindreforbruk i høve revidert budsjett for 2011 på kr 217.294,-. I samband med rekneskapen for 2. tertial varsla NAV at vi låg an til eit overforbruk og ba om ekstra midlar. Vi vart då tilført kr 264 800,-. Årsrekneskapen viser at vi har helde oss godt innafor revidert budsjett. Årsaka er at vi ikkje fekk nye søkjarar til kvalifiseringsprogrammet i siste tertial. Det var ikkje mogeleg å forutsjå.

120 10 – Administrativ leiling

Nav leiaren er statleg tilsett og kommunen betalar sin del av utgiftene til staten . I 2011 er desse utgiftene kr 6916,- høgre enn budsjettert.

242 00 – Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid

Rekneskapen syner eit meirforbruk på kr 27.261,- .

242 50 – Sosialkontor (kontordrift)

Mindreforbrukt på kr 53.100- .

276 – Kvalifiseringsordninga

Mindreforbruk på kr 352.862,--

Årsaka til at det er brukt mindre enn budsjettert, er at vi hadde færre brukarar på ordninga enn forventa i siste halvdel av året.

281 00 – Økonomisk sosialhjelp

Rekneskapen viser eit overforbruk på kr 364.549,- .

Det er posten for økonomisk stønad – 14700 overføringar til andre (private) som er overskriden og medfører eit overforbruk i høvet opprinneleg budsjett .

NAV Askvoll 050312

Åse Rivedal Solheim

5.5 HAFS Interkommunale barnevern – ansvar 360

	Rekneskap 2011	Rev. Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Inntekter	-654 352	-575 200	-967 051
Utgifter	3 322 022	3 715 200	3 745 735
Sum Hafs barnevernteneste	2 667 670	3 140 000	2 778 684

Teneste	Rekneskap	Budsjett	Avvik
24410 HAFS interk	1 242 470	1 261 599	19 129
25100 tiltak i familien	567 688	670 990	103 301
25200 tiltak u fam	857 511	1 207 411	349 899
Netto utgift	2 667 669	3 140 000	472 330

Teneste 24410, interkommunal drift

Driftsrekneskapen syner ei innsparing på HAFS interkommunale barnevernteneste på totalt kr 472 330. På 24410, kr 19 129 i innsparing, er forklaringa at to permisjonar i 2011, og ei delvis sjukmelding i tre månader. Vikarane som me fekk inn har ikkje dekkja opp alt dette.

Teneste 25100 , tiltak i heimen

På 25100 er det innsparing kr 103 301, her er forklaringa i hovudsak at me også i år fekk statlege fattigdomsmidlar etter søknad. Svært få kommunar har søkt på desse midlane, og NAV Fjaler skal ha mykje takk for godt samarbeid i å skaffe desse midlane.

Teneste 25200 , tiltak utanfor heimen

På 25200 er det innsparing kr 349 899. I hovudsak er grunnen at eit barn er flytta ut frå fosterheim til hybel, og kostnaden vert dermed svært mykje lågare, dessverre også oppfylginga.

Tenesta arbeider med å vere økonomiske i alt me gjer, samstundes som det er viktig at me ikkje vert bundne for mykje til kontoret. Alle tilsette arbeider mykje direkte i heimane.

Ein søknad til Arbeids-og velferdsdirektoratet førde til at HAFS fekk 160 000 i fattigdomsmidlar til barnevern i 2011 . Desse midlane skulle nyttast til ferietiltak på Haugland, og er fordelte til kommunane prosentvis i tråd med utgiftene kommunen hadde til tiltaket. Askvoll fekk kr 83 530.

Kari Grov,

Leiar HAFS interkommunale barnevernsteneste

5.6 Pleie- og omsorgssjef – ansvar 370

	Rekneskap 2011	Rev. Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Inntekter	-20 318 578	-17 752 814	-20 714 132
Utgifter	75 946 320	73 598 862	75 991 773
Sum omsorgsetaten	55 627 742	55 846 048	55 277 641

Avvik/mindreforbruk kr 218 305

Nedanforstående oppsett syner meir/mindreforbruk innan dei tenestene som ligg i under ansvar 370 – omsorgsetaten.

Avvik pr. teneste

Teneste	Område	Rekneskap 2011	Rev. budsjett 2011	Avvik i kr
12010	Administrativ leiting	729 633	696 814	-32 819
23400	Aktivering og servicetj. eldre og funksjonshemma	209 815	0	-209 815
23402	Tryggleiksalarmar	3 266	0	-3 266
23410	Avlasting, støttekontakt, ferietilbud	1 450 102	2 270 629	820 527
23420	Aktivitetssenter for funksjonshemma	2 377 337	2 515 572	138 235
23450	Transportteneste	0	0	0
24160	Fysioterapi	1 199 156	1 162 337	-36 819
25300	Pleie, omsorg, hjelp i institusjon	17 147 822	17 820 883	673 061
25310	Betening av/hjelp i avlastningsbustad	350 389	0	-350 389
25400	Pleie, omsorg, hjelp i heimen	29 219 327	29 235 379	16 052
25410	Hjelp i avlastningsbustad	3 637 866	3 142 739	-495 127
25460	Omsorgsløn	829 515	937 901	108 386
26110	Drift og vedlikehald institusjonslokale	1 947 063	1 647 800	-299 263
26550	Drift og vedlikehald kom. disp. bustader	-3 487 182	-3 586 006	-98 824
Total	Pleie- og omsorgssjef	55 627 742	55 846 048	218 305

Kommentarar til avvik:

12010 Administrativ leiting.

Meirforbruk skuldast lønsauke.

23402 Tryggleiksalarm

Utgifter om lag som forventa.

23410 Avlasting, støttekontakt, ferietilbud

Mindreutgifter til ressurskrevjande brukarar enn varsla.

23420 Aktivitetssenter

Mindreutgifter – har hatt fokus på innsparing som gjeld personalressursar og andre driftsutgifter.

23450 Transportteneste

Denne skal gå i 0 rekneskapsmessig. Det vart i 2011 tildelt meir transportstøtte enn budsjettert, Meirforbruk vert dekkja av fondsmidlar.

24160 Fysioterapi

Meirforbruk er for det meste bruk av ekstra personalressursar..

25300 Pleie og omsorg - hjelp i institusjon.

Mindre forbruk som gjeld løn og andre driftsutgifter. Det har vore fokus på innsparing både når det gjeld personalressursar og andre driftsutgifter.

25310 Hjelp i avlastningsbustadbustad

Dette er lønsutgifter i samband med avlastningstiltak og skal i følge Kostrarapportering forast på teneste 25310 avlastning i institusjon .

25400 Pleie og omsorg – hjelp i heimen

Det har vore fokus på innsparing av personalressursar og andre driftsutgifter i alle avdelingar og grupper

25460 Omsorgsløn

Mindreforbruk grunna redusert behov for denne tenesta.

26110 Drift og vedlikehald institusjonslokale

Meirforbruk skuldast i hovudsak meirutgifter til energi, nødvendig vedlikehald ,serviceavtaler og reparasjonar.

26550 Drift og vedlikehald kommunal disp. bustader

Mindreinntekter skuldast at manglande husleigeinntekter, dette gjeld bustader i Bulandet/Værlandet/Holmedal. (Bustader har stått tomme).

2 av omsorgsbustadene vart i 2011 brukte til avlastningopphald

Ved avbrot i leigeforhold som til dømes .flytting grunna endra hjelpebehov el.dødsfall kan det verte mindre inntekter enn budsjettet.

Innrapportering ressurskrevjande brukarar.

Askvoll Kommune hadde i 2011 til saman 12 155 mill. i dokumenterte utgifter som gjev grunnlag for refusjon. Det vert rapportert inn 11 034 som nettoutgift. Forventa refusjon om lag 5 080 mill.

Ytterlegare kommentarar vil føreligge i årsrapporten for 2011.

Omsorgskontoret den 10.03.2012

Anne Lise Andersen
Kommunalsjef omorg

02302	Byggetenester	4 950	0	2 190 576
02500	Materiale til påkostning og nybygg	4 320	0	0
02700	Andre tenester (som inngår i egenproduksjon)	0	0	86 322
03700	Kjøp av tenester fra andre	0	0	44 580
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	2 317	0	258 870
05300	Dekning av tidl. års udekk	421 211	421 211	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-431 871	-421 211	-2 165 000
09700	Overføringer fra driftsrekneskapet	-927	0	
09800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	-421 212
1640	Loftheimvegen	0	0	0
01404	Trykking/kopiering/kjøp av tenester	0	0	430
02302	Byggetenester	0	0	304 509
02701	Konsulenttenester	0	0	13 586
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	0	79 633
05300	Dekning av tidl. års udekk	282 841	282 841	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-143 102	-143 102	-115 317
09480	Bruk av ubundne investeringsfond	-139 739	-139 739	0
09800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	-282 841
1690	Røverompa barnehage - tilbygg	0	0	0

Askvoll kommune - Investeringsrekneskap

Konto	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
02302	Byggetenester	0	0	53 062
02700	Andre tenester (som inngår i egenproduksjon)	0	0	50 000
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	0	25 765
05300	Dekning av tidl. års udekket	128 827	128 828	526 673
08300	Overføring fra fylkeskommunar	0	0	-526 150
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-47 665	-47 666	0
09480	Bruk av ubundne investeringsfond	-81 162	-81 162	-523
09800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	-128 827
1760	Værgøy Hamn - Gangveg	0	0	0
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	18 563	0	
02302	Byggetenester	36 181	0	7 975
02500	Materiale til påkostning og nybygg	2 951	0	8 185
03700	Kjøp av tenester fra andre	0	0	49 000
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-57 695	0	-65 160
1770	Avløpsledning ved Presteelva	0	0	0
00400	Overtidsløn	0	0	239
00500	Anna løn og trekkpl. Godtgjersler	0	0	420
00903	Pensjonsinnskot KLP	0	0	58
00990	Arbeidsgjevaravgift	0	0	76
01150	Matvarer	2 201	0	0
01208	Forbruksmateriell	1 523	0	0
01302	Purregebyr/innkreivingskostnader	150	0	0
01303	Telefon	2 200	0	12 904
01400	Annonse, reklame og informasjon	0	0	1 558
01900	Leige av lokale og grunn	1 000	0	0
01954	Gebyr	36 314	0	79 758
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	17 888	0	387 765
02302	Byggetenester	526 097	0	3 030 424
02700	Andre tenester (som inngår i egenproduksjon)	0	0	86 095
02701	Konsulenttenester	0	0	79 381
02800	Grunnerverv	0	0	30 000
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	-27	0	-12 111
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-587 357	0	-3 696 567
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	11	0	0
1800	Kvammen vassverk	0	0	0
01950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	50 000	0	86 519
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-50 000	0	-86 519
1820	Leidningskart	0	0	0
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	0	0	4 457
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	0	1 114
05300	Dekning av tidl. års udekket	5 571	5 571	66 327
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-5 571	-5 571	0
09480	Bruk av ubundne investeringsfond	0	0	-66 327
09800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	-5 571
1830	Branngarasje Værlandet	0	0	0
01950	Avgifter, gebyr, lisensar	0	0	10 879
01957	Lisensar	23 302	0	0
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	-1 000	0	11 036
02001	Inventar og utstyr	504 453	0	8 800
02302	Byggetenester	0	600 000	34 247
02500	Materiale til påkostning og nybygg	6 990	0	57 198
02701	Konsulenttenester	0	0	4 300
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	28 222	0	
03500	Kjøp av tenester fra kommunar	0	0	413 730
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	0	28 340
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-550 679	-600 000	-568 530

Askvoll kommune - Investeringsrekneskap

Konto	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-11 289	0	0
1840	Ikt skule	0	0	0
02302	Byggetenester	86 338	0	66 277
02700	Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon)	882	0	8 100
02701	Konsulenttenester	0	0	2 925
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	21 805	0	19 325
05300	Dekning av tidl. års udekka	96 627	96 627	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-196 929	-96 627	0
09800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	-96 627
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-8 722	0	0
1910	Stongfjorden kapell	0	0	0
02800	Grunnerverv	0	0	30 000
03700	Kjøp av tenester fra andre	0	0	87 837
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	0	21 959
05300	Dekning av tidl. års udekka	54 799	54 796	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-54 799	-54 796	-85 000
09800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	-54 796
1920	Parkeringsplass Gjeldsvik gravplass	0	0	0
01200	Samlepost anna forbruksmateriell	0	0	173
01208	Forbruksmateriell	0	0	7 663
01400	Annonse, reklame og informasjon	1 720	0	0
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	0	0	10 955
02300	Vedlikehold og byggetenester	183 121	500 000	0
02700	Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon)	127 015	0	132 174
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	32 098	0	35 568
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-331 029	-500 000	0
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-12 925	0	-186 533
1940	Kyllaren	0	0	0
02001	Inventar og utstyr	0	0	121 745
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	0	30 436
05300	Dekning av tidl. års udekka	2 181	2 181	
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-2 181	-2 181	
09480	Bruk av ubundne investeringsfond	0	0	-150 000
09800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	-2 181
1950	Brannvern - ny pumpe	0	0	0
01400	Annonse, reklame og informasjon	0	0	2 014
01954	Gebyr	500	0	0
02302	Byggetenester	41 859	0	25 000
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	10 465	0	6 754
09480	Bruk av ubundne investeringsfond	-48 638	0	-33 768
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-4 186	0	
1960	Riving av hus på Øyra	0	0	0

Askvoll kommune - Investeringsrekneskap

Konto	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
02302	Byggetenester	0	300 000	0
03700	Kjøp av tenester frå andre (private)	12 204	0	226 792
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	3 051	0	56 698
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-14 035	-300 000	0
09480	Bruk av ubundne investeringsfond	0	0	-283 490
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-1 220	0	0
2010	Kart	0	0	0
02302	Byggetenester	0	1 500 000	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	0	-1 500 000	0
2020	Vatn/avløp	0	0	
00300	Løn	0	0	1 319
00903	Pensjonsinnskot-KLP	0	0	116
00990	Arbeidsgjævaravgift	0	0	152
02302	Byggetenester	77 329	0	0
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	18 341	0	140
02500	Matriale til påkostning og nybygg	0	0	562
09480	Bruk av ubundne investeringsfond	-88 333	0	-2 289
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-7 337	0	0
2040	Fiberlinje Meieri - Rådhus	0	0	0
01203	Forbruksmaterieil - reingjering	2 354	0	0
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidar	46 972	0	32 525
02302	Byggetenester	185 600	0	0
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	42 834	0	902 975
02500	Matriale til påkostning og nybygg	0	0	3 821
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	0	126 702
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-260 627	0	-1 066 023
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-17 134	0	0
2060	Opparbeiding av kommunalt kaiområdet	0	0	0
00100	Fast løn	6 822	0	0
00903	Pensjonsinnskot - KLP	821	0	0
00990	Arbeidsgjævaravgift	810	0	0
02700	Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon)	1 987	0	0
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	497	0	0
05500	Avsetnader til bundne fond	64 562	0	0
08300	Overføringer frå fylkeskommunar	-75 300	0	0
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-199	0	0
2061	Sørvestpassasjen	0	0	0
02701	Konsulentenester	0	0	5 404
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	0	1 351
05300	Dekning av tidl. års udekk	6 755	6 755	
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-6 755	-6 755	
09800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	-6 755
2080	Breibånd	0	0	0

Askvoll kommune - Investeringsrekneskap

Konto	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
00100	Fast løn	43 378	0	0
00200	Løn til vikarer	3 061	0	0
00903	Pensjonsinnskott - KLP	1 967	0	0
00990	Arbeidsgjevaravgift	5 131	0	0
01203	Forbruksmaterieil - reingjering	20 469	0	0
01208	Forbruksmaterieil	74	0	0
01400	Annonse, reklame og informasjon	0	0	2 068
01705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	1 889	0	0
01954	Gebyr	4 500	0	0
02302	Byggetenester	528 982	618 000	0
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	12 533	0	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-499 571	-500 000	0
09580	Bruk av bundne investeringsfond	-117 400	-118 000	-2 068
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-5 013	0	0
2090	Utviding av Sauesund Bustadfelt	0	0	0
01500	Opplæring, kurs/seminar	7 207	0	0
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	491 414	0	0
02302	Byggetenester	0	137 000	0
03700	Kjøp av tenester frå andre (private)	10 417	0	0
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	2 604	0	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-356 077	-137 000	0
09480	Bruk av ubundne investeringsfond	-154 524	0	0
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-1 042	0	0
2100	Agresso oppdatering	0	0	0
02001	Inventar og utstyr	84 934	0	0
02302	Byggetenester	21 400	300 000	0
02500	Materiale til påkostning og nybygg	61 760	0	0
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	42 024	0	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-208 408	-300 000	0
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-1 710	0	0
2101	Uteområde Røverompa bhg	0	0	0
00100	Fast løn	10 333	0	0
00903	Pensjonsinnskott - KLP	1 243	0	0
00990	Arbeidsgjevaravgift	1 227	0	0
02302	Byggetenester	834 492	1 000 000	0
02500	Materiale til påkostning og nybygg	23 400	0	0
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	112 061	0	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-937 932	-1 000 000	0
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-44 824	0	0
2102	Vegar (fast dekke)	0	0	0
02302	Byggetenester	0	200 000	0
02701	Konsulenttenester	36 839	0	0
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	9 210	0	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-40 523	-200 000	0
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-5 526	0	0
2103	Tilrettelegging funksjonshemma born	0	0	0
02302	Byggetenester	208 644	325 000	0
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	42 817	0	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-234 334	-325 000	0
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-17 127	0	0
2104	Opprustning kyrkjekontor/firdakontor	0	0	0

Askvoll kommune - Investeringsrekneskap

Konto	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
02302	Byggetenester	0	200 000	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	0	-200 000	0
2105	Planarbeid omsorg	0	0	0
02302	Byggetenester	0	500 000	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	0	-500 000	0
2106	Deltidsreform brannvesen	0	0	0
02001	Inventar og utstyr	146 617	0	0
02302	Byggetenester	0	146 000	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-146 617	-146 000	0
2107	Skuleløyising	0	0	0
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	109	0	0
02302	Byggetenester	4 175 941	3 800 000	0
03700	Kjøp av tenester frå andre (private)	30 375	0	0
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	27	0	0
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-4 207 722	-3 800 000	0
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	1 270	0	0
2110	Bulandet Vassverk	0	0	0
05290	Kjøp av aksjar og andelar	428 005	424 000	408 122
05300	Dekking av tidl.års udekka	290 774	0	306 652
09700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-718 779	-424 000	-424 000
09800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	-290 774
7000	KLP	0	0	0
05109	Avdragsutgifter m/spes	726 912		1 602 579
05209	Utlån m/spes	991 000	1 000 000	1 187 022
09109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-432 716	-1 000 000	-1 618 298
09208	Mottekne ekstraordinære avdrag	-734 933	0	-616 377
09209	Mottekne avdrag på utlån	-550 263	0	-554 926
7030	Formidlings/startlån	0	0	0

Balanserekneskap 2011

Kostbal	Tekst	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
LN01	A. Anleggsmidler	489 728 145,00	492 051 241,00
LN02	 Faste eiendomar og anlegg	230 208 834,00	223 775 580,00
LN03	 Utstyr, maskiner og transportmidlar	6 563 612,00	4 333 821,00
LN04	 Utlån	11 438 921,00	11 636 431,00
LN05	 Aksjar og andelar	26 550 514,00	25 703 511,00
LN051	 Pensjonsmidlar	214 966 264,00	226 601 898,00
LN06	B. Omløpsmidlar	55 336 130,00	50 496 630,00
LN07	 Kortsiktige fordringar	22 304 429,00	16 247 784,00
LN071	 Premieavvik	10 036 138,00	8 060 605,00
LN11	 Kasse, postgiro, bankinnskot	22 995 563,00	26 188 240,00
LN12	SUM EIGEDELER (A + B)	545 064 274,00	542 547 871,00
LN13	C. Egenkapital	-40 262 725,00	-79 714 985,00
LN14	 Disposisjonsfond	-3 147 488,00	-377 221,00
LN15	 Bundne driftsfond	-8 397 143,00	-11 552 959,00
LN17	 Bundne investeringsfond	-1 602 895,00	-1 632 102,00
LN171	 Endring i regnskapsprinsipp som påvir. AK dri	-1 496 336,00	-1 496 336,00
LN18	 Rekneskapsmessig mindreforbruk		-4 604 930,00
LN192	 Udekket i investeringsrekneskap		5 088 968,00
LN21	 Kapitalkonto	-25 618 863,00	-65 140 405,00
LN219	D. Gjeld	-504 801 550,00	-462 832 886,00
LN22	Langsiktig gjeld	-470 945 351,00	-432 995 033,00
LN221	 Pensjonsforpliktingar	-277 885 597,00	-254 159 544,00
LN25	 Andre lån	-193 059 754,00	-178 835 489,00
LN26	Kortsiktig gjeld	-33 856 199,00	-29 837 853,00
LN28	 Anna kortsiktig gjeld	-30 933 777,00	-27 672 934,00
LN281	 Premieavvik	-2 922 422,00	-2 164 919,00
LN29	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD (C +D)	-545 064 274,00	-542 547 871,00
LN30	E. Memoriakonto	0,00	0,00
LN31	 Ubrukte lånemidler	6 150 244,00	5 398 344,00
LN33	 Motkonto for memoriakontiane	-6 150 244,00	-5 398 344,00

Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen 2011

Kosts1a	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
LN01	Skatt på inntekt og formue	-50 601 372	-51 750 000	-55 077 284
LN02	Ordinært rammetilskot	-103 135 174	-101 346 000	-87 496 083
LN04	Andre direkte eller indirekte skattar	-192 928	-200 000	-185 540
LN05	Andre generelle statstilskot	-4 696 315	-5 104 000	-4 000 891
LN06	Sum frie disponible inntekter	-158 625 789	-158 400 000	-146 759 798
LN07	Renteinntekter og utbytte	-2 160 475	-2 200 000	-2 237 083
LN08	Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	5 796 919	6 200 000	5 215 066
LN09	Avdrag på lån	6 557 691	5 938 000	6 124 383
LN10	Netto finansinntekter/-utgifter	10 194 135	9 938 000	9 102 366
LN12	Til ubundne avsetningar	4 604 930	4 736 130	0
LN13	Til bundne avsetningar	3 585 670	3 190 000	3 096 155
LN14	Bruk av tidl. å. rekn.m. mindreforbr	-4 604 930	-4 604 930	0
LN15	Bruk av ubundne avsetningar	-1 834 663	-2 642 000	-1 933 621
LN16	Bruk av bundne avsetningar	-6 741 486	-6 112 000	-2 314 679
LN17	Netto avsetningar	-4 990 479	-5 432 800	-1 152 145
LN18	Overført til investeringsbudsjettet	940 803	1 461 000	1 722 280
LN19	Til fordeling drift	-152 481 329	-152 433 800	-137 087 297
LN20	Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	152 481 329	152 433 800	132 482 366
LN21	Rekneskapsmessig meir-/mindreforbr	0	0	-4 604 930

Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen 2011

Kosts2a	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
LN01	Investeringar i anleggsmidlar	17 938 408	19 100 000	33 438 188
LN02	Utlån og forskotteringar	991 000	1 000 000	1 187 022
LN03	Avdrag på lån	726 912	0	1 602 579
LN04	Avsetningar	6 673 312	4 798 193	1 619 530
LN05	Årets finansieringsbehov	26 329 631	24 898 193	37 847 319
LN07	Bruk av lånemidlar	-20 715 944	-22 106 945	-24 609 515
LN08	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-1 675 206	0	-271 724
LN09	Tilskot til investeringar	-75 300	0	-552 150
LN10	Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-1 285 196	0	-1 171 303
LN11	Andre inntekter	-16 038	0	-14 636
LN12	Sum ekstern finansiering	-23 767 684	-22 106 945	-26 619 328
LN13	Overført frå driftsbudsjettet	-940 803	-1 461 000	-1 722 280
LN14	Bruk av avsetningar	-1 621 143	-1 330 248	-4 416 745
LN15	Sum finansiering	-26 329 631	-24 898 193	-32 758 353
LN16	Udekkja/udisponert	0	0	5 088 966

Askvoll kommune - driftsrekneskap

Rekneskapsskjema 1B			
Konto	Tekst	Rekneskap 2011	Rev budsj. 2011
Ansvar 100: Rådmann			
10100	Fast løn	621 830	0,00
10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	-4 776	0,00
10507	Motkonto oppgavepliktig godtgjersle	5 976	0,00
10800	Godtgjersle folkevalde	479 053	930 000,00
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre	74 690	0,00
10903	Pensjonsinnskott - KLP	329 722	230 000,00
10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	719	0,00
10990	Arbeidsgjevaravgift	160 423	140 000,00
11000	Kontormateriell	11 120	0,00
11007	Faglitteratur	715	0,00
11150	Matvarer	74 015	25 000,00
11200	Samlepost anna forbruksmateriell/råvarer/tenester	1 232	0,00
11201	Utgifter, ikkje oppgavepliktige (løn)	191	0,00
11300	Post, banktenester, telefon	1 619	0,00
11303	Telefon	7 548	5 000,00
11304	Datakommunikasjon/internett	327	0,00
11400	Annonse, reklame og informasjon	36 444	15 000,00
11402	Representasjon	23 306	25 000,00
11500	Opplæring, kurs/seminar	11 803	15 000,00
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	41 366	28 000,00
11700	Transport og drift av egne/leigde transportmiddel	1 125	0,00
11702	Skyss - særskilte føremål	11 229	25 000,00
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	5 451	20 000,00
11900	Leige av lokale og grunn	17 848	10 000,00
11959	Kontingentar	15 000	13 000,00
12001	Inventar og utstyr	32 426	0,00
14290	Mervverdiavgift som gjev rett til momskomp	21 080	15 000,00
14700	Overføringar til andre (private)	104 750	100 000,00
14701	Tilskott	36 900	36 900,00
14900	Reserverte løyvingar/avsetningar	0	5 100,00
14902	Reserverte løyvingar formannskapet	0	110 880,00
15700	Overføringar til investeringsrekneskapet	0	50 000,00
16201	Sal av varer, tenester, gebyr	-360	0,00
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-21 080	-15 000,00
17300	Refusjon frå fylkeskommunar m/opdg	0	-40 000,00
19500	Bruk av bundne driftsfond	-100 000	-100 000,00
10000	Politisk styring	2 001 693	1 643 880,00
000	Utan stød	48 420	48 420,00
10010	Folkevalde inkl. stønad politiske parti	48 420	48 420,00
11959	Kontingentar	10 000	37 800,00
10070	Regionråd	10 000	37 800,00
10400	Overtidsløn	41 134	40 000,00
10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	300	10 000,00
10800	Godtgjersle folkevalde	8 100	15 000,00
10902	Pensjonsinnskott- SPK	421	643,00
10903	Pensjonsinnskott - KLP	4 080	3 053,00
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 728	5 020,00
11000	Kontormateriell	4 502	0,00

KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I
VITRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Til Askvoll kommune
v/Ordføreren

6980 Askvoll

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann

Dyktar ref.:
Kommunerekneskapen 2011

Vår ref.:
\\Askvoll\rev.beretning2011

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
019 / 2012

Dokumentdato:
20. april 2012

REVISJONSBERETNING ASKVOLL KOMMUNE 2011

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Askvoll kommune, som er samansett av balanse pr 31.12.2011, driftsrekneskap som viser eit netto driftsresultat (overskot) på kr. 4 049 676,-. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse (0,-). I tillegg følgjer investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr 31.12.2011, som inneheld ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar til rekneskapen.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil og manglar.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil og manglar. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap, som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for våre konklusjonar.

Konklusjon:

Etter vår vurdering er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Askvoll kommune pr 31.12.2011, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. 31.12.2011, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, jfr. presiseringar nedanfor.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen er samanstilt og stemmer i det alt vesentlege med regulert budsjett; - jfr. presisering nedanfor.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter *internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk økonomisk informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk og god bokføringsskikk.

Utan at det har betydning for våre konklusjonar ovanfor, vil vi kome med følgjande *presiseringar*:

- Vi viser til hovudoversiktene og dei spesifiserte utskriftene av drift- og investeringsrekneskapen der det er registrert større eller mindre avvik mellom budsjett og rekneskap på einskildkapittel. Vi viser til det som er kommentert kring dette i årsmeldinga.
- Det ligg til Askvoll kommunestyre å godkjenne dei disponeringar som ligg føre i den avlagte årsrekneskapen for 2011.

Askvoll den 20.04.2012

Kommunerevisjonen
Vitre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

KEYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
VITRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

016/12 OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT – VURDERE RESSURSBRUK OG BEMANNING INNEN PLEIE OG OMSORG

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.12.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2012	16/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå Askvoll koommune til kontrollutvalet - Status: Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg».

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Bev frå kontrollutvalet til Askvoll kommune "Status i administrasjonen sitt arbeid i høve til å følgje opp merknadane kommunestyret hadde til forvaltningsrevisjonsrapport «Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg», datert 02.03.2012
- Brev frå konst- pleie og omsorgsjef til Forvaltningsrevisjonen – Handtering av vakansar, permisjonar, tilkalling av eksravakter m.m. innan pleie og omsorgsetaten i Askvoll kommune, datert 28.05.08.
- Protokoll/avtale, datert 25.01.11.
- Kontrollutvalssak 015/11 «Oppfølgingsliste 2-2011 Askvoll».
- Kontrollutvalsak 013/08 "Forvaltningsrevisjonsrapport – Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg – Askvoll kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til brev frå kommunalsjef omsorg 14.05.2012.
- Kontrollutvalet sender saka til kommunestyrt som skriv og melding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT – VURDERE RESSURSBRUK OG BEMANNING INNEN PLEIE OG OMSORG

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak etter gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg.”

Saksopplysningar:

Etter § 12 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyrevedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Vidare skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret korleis kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapportar har blitt følgt opp.

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet ” Ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg.” vart lagt fram for kontrollutvalet i Askvoll i november 2008. Kommunestyret handsama rapporten i sak 009/09 ” Ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg” i møte 02.03.2009, og gjorde følgjande vedtak:

KOM-009/09 VEDTAK:

HSU har gjennomgått forvaltningsrevisjonsrapport om kontroll av lønsområdet:

A. Vurdere turnusplan for tilsette:

HSU viser til at det er sett av kr. 200 000,- i 2009 budsjettet til arbeid med turnusplan. HSU ber om at det vert komme i gang og arbeidd raskt med å få ein godkjend turnusplan for tilsette.

B Vurdering av stillingsprosentane for tilsette og bruk av vikarar og ekstrahjelp:

HSU meiner det må gjerast ei realitetsvurdering av eksisterande tilsettingsforhold og vurderingane kring trong for framtidig personell.

Dei som ønskjer utvida stilling, eller har rett på større stillingsprosent, må gje melding om dette til arbeidsgjevar.

Hovudmålet for pleie og omsorgssektoren må vere høg livskvalitet for brukarane. Det må vere ein av dei viktigaste grunnane til at det vert arbeidd med å avskaffe uønska deltid.

Vidare er det sjølvsaugt at auke i stillingane også må vere av omsyn til dei tilsette.

C Oppfølging av budsjett ved periodisk rapportering – rutinar for avviksrapportering

I samarbeid med økonomiavdelinga må ein finne gode løysingar med avviksrapportering, jf. punkt 3 i rapporten.

I høve økonomireglementet må fokus i budsjettkontrollane rette seg mot avvik.

D Kva er Kostra

Punkt 5 handlar om Kostra og registrering av fråvære og sjukemeldingar. HSU ber om at rutinane for rapportering vert gjennomgått og retta opp.

E Oppfølging av rapporten:

HSU ber om tilbagemelding på korleis administrasjonen følgjer opp rapporten.

Kontrollutvalet i Askvoll heldt møte den 26.05.2011. I sak 015/11 "Oppfølgingsliste 2-2011 Askvoll" gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om ein skriftleg status på korleis administrasjonen ligg an i høve til arbeidet vedrørande merknadane til kommunestyret etter Forvaltningsrevisjonsrapporten "Vurdere ressursbruk og bemanning innan Pleie og omsorg".*

29.08.2011 sende kontrollutvalet brev til Askvoll kommune der det blir bedt om ein skriftleg status på korleis administrasjonen ligg an i høve til arbeidet vedrørande merknadane til kommunestyret etter Forvaltningsrevisjonsrapporten

I brev den 02.03.2012 ber kontrollutvalet på nytt om korleis kommunestyret sine merknader til rapporten er følgt opp.

I brev frå kommunalsjef omsorg «Status: vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg», den 14.05.2012 blir det gitt ein status på korleis administrasjonen ligg an i høve til arbeidet vedrørande merknadane etter forvaltningsrapporten.

Kontrollutvalet si oppgåve er å rapportere tilbake til kommunestyret om kva som er gjort i høve til deira merknader til rapporten.

242/12



SEKOM-sekretariatet
v/Vidar Øvrebø
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår ref.
10/253-6

Dykkar ref.

Arkiv
K1-216, K2-H12

Dato:
14.05.2012

Status: Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg.

Det vert vist til skriv vedkommande handtering av vakansar, permisjonar mm. av 28.05.08 v/konst pleie- og omsorgssjef. Marit Erikstad.

Forklaring:

Frå januar **2008** vart det føreteke nedbemanning innan omsorg på grunn av dårleg økonomi i kommunen.

Tal plassar i bufelleskap vart redusert frå 20 til 15, med påfølgjande nedbemanning tilsvarande 3.93 stillingar.

Frå mars same år vart 2 ressurstunge prosjekt overflytta frå tidlegare sosialetat (2 enkelttiltak). For å få dette til måtte det flyttast personale frå ordinær teneste inn i desse prosjekta for å kunne drive forsvalege tenester.

Dette gjekk på «bekostning» av den ordinære omsorgstenesta.

Personale innan omsorgsetaten fekk permisjonar frå sin ordinære stilling for å arbeide i prosjekta. Dei fleste av arbeidstakarane ville ikkje binde seg i prosjekta. Dermed medførte det ekstra behov for vikarar innan den ordinære tenesta utan at nokon fekk fast tilsetting, delvis grunna nedbemanning og delvis fordi personale ikkje ville binde seg i prosjekta.

Konsekvens: Fleire av dei som hadde små stillingsprosentar arbeidde meir utan at dei vart tilsett fast.

Både innan den ordinære tenesta og i prosjekta gjekk det med mykje ressursar i form av tid som var planlagt å bruke til arbeid med nye arbeidsplanar.

I 2009 vart det sett i gang arbeid med nye arbeidsplanar og innføring i nytt elektronisk arbeidstidsprogram.

I siste del av 2009 vart 6 personar som hadde arbeidd lenge på kontrakter og mellombelse avtaler tilsette som faste vikarar/sett inn i ledige stillingar dei var kvalifiserte for, i alt 3.3 stilling.

Det viste seg fort at vi ikkje klarte å halde pasient/brukartal i bufellesskap på 15, det resulterte i at vi hadde fleire brukarar og måtte ta inn ekstrahjelp for å få dekk minimum av hjelpebehov. "Overbelegget" har sidan dette vore nokså konstant. Mykje tid og ressursar har

vore brukt for å inn ekstrahjelp med påfølgjande etterslep på timelister og difor vanskelig å halde oversikt over forbruk til ei kvar tid.

Frå 01.01.2010 vart det gjenoppretta 1.6 stilling og brukartalet i bufellesskap vart auka til gjennomsnittleg 17,5 plass i løpet av året 2010. Nokre av dei tilsette i "små" stillingar fekk då auke i stillingsprosent.

På tross av at brukartalet vart auka og bemanning vart auka klarte vi ikkje å dekke hjelpebehovet innanfor tildelt ramme. Framleis hadde vi "overbelegg" og måtte skaffe ekstrahjelp for å dekke hjelpebehovet.

Det førte til at det vart vanskeleg å halde kontroll med variable lønsutgifter, fordi det heile tida er etterslep på timelister. Mykje tid går med til å skaffe vikarar til dette i tillegg til at vi på ein så stor arbeidsplass alltid vil ha permisjonar /sjukefråvær osv. Det er vanskeleg å få kvalifiserte personar i vikariat. Det gjeld spesielt stillingar der ein treng høgskule-kvalifikasjonar.

I Askvoll Kommune er der ikkje sjukepleiarar/vernepleiarar som kan "steppe" inn når det vert ledige vikariat, og folk kan/vil ikkje flytte til Askvoll og vere avhengig av tilfeldige vikarariat som inntekt.

Det gjer det vanskelig å få folk i desse stillingane. Det er også ei grense for kor mange ufaglærde som kan settast inn for at tenesta skal vere forsvarleg og for at det ikkje skal bli for stor belastning for dei fagpersonane som er att. Difor har det sidan 2009 vore nødvendig å bruke vikarbyrå for å få nok kvalifiserte arbeidarar i vikariata. Dette har vore heilt avgjerande for å kvalitetssikre tenesta. Vi har etter kvart gode erfaringar med denne ordninga.

I konkuransen om arbeidskraft er det ei utfordring for Askvoll Kommune å til ei kvar tid skaffe nok og kvalifisert arbeidskraft og også ikkje minst å behalde og ta vare på dei vi har.

I 2010 føregjekk det opplæring i nytt elektronisk arbeidstidsplanleggings program

I januar 2011 vart det skrive avtale vedkommande arbeidsplanar med organisasjonane samt fristar for høyring mm, jfr. vedlegg.

Då vart det gitt høve innanfor arbeidsmiljølova sine reglar til utprøving av lange helgar, arbeid annankvar helg for dei som ønskte det osv. Dette har ein så prøvd å tilpasse i ordinære arbeidsplanar. I det heile har vi åpna for at arbeidsplanane vert tilpassa dei ulike livsfasane folk er i og når dei kan arbeide og kor mykje dei kan arbeide.

Bakgrunnen for desse ordningane var ønskje om kontinuitet i tenesta og å redusere uønska deltid.

Det er mykje arbeid å få dette på plass. Det er dessutan svært sårbart fordi om ein eller to personar har fått ein tilpassa arbeidsplan, så vil det vere styrande for dei andre i same plan. Bemanninga er så marginal i avdelingane/gruppene at det ikkje er rom for endringar utan at det går ut over andre. Det er og slik at om nokon på ei vakt melder sjukdom, er bemanninga så liten at ein er avhengig av å få inn vikar.

Vi har ein gjennomsnittleg pleiefaktor på 0,61

Vi har fast bemanning på natt, det betyr at tilsette stort sett arbeider enten berre på natt, eller dei arbeider dag/sein - vakter.

Eksempel på bemanning:

Nedanfor ståande er eksempel på bemanning på to grupper tunge pasientar (demente og/eller med omfattande fysiske hjelpebehov).

Døme på grunnbemanning til 16 pasientar/brukarar ved Askvollheimen (Bemanninga er den same enten det er bebuar i institusjon eller i bufellesskap)

Til 15-16 pasientar/bebuarar er det berekna til saman 10 stillingar på dagvakt/seinvakt. Egentlig treng ein 21 personar for å få dekke ein arbeidsplan med arbeid 3. dje kvar helg. Det vert i underkant av 50% stilling for alle tilsette i denne gruppa. Det har vore drøfta med organisasjonane om stillingsstorleikar og uønska deltid. Vi har vore samde om at vi ønskjer flest mulig store stillingar, det vil og seie at personar i små stillingar har fått auka opp stillinga så langt det let seg gjere, men det er likevel slik at dess fleire "store" stillingar ein har dess fleire små må ein ha å dekke helgane.

Det at vi ønskjer store stillingar har sjølv sagt med at vi ønskjer at flest mulig skal kunne "leve" av det dei tener og ikkje vere avhengig av bi-inntekt eller å bli "forsørge". Det andre er kontinuitet for brukar og avdeling/gruppe som er heilt avgjerande for å få til gode arbeidsplassar.

Nedanforståande syner ressursbruk for 16 brukarar:

Til saman 10 stillingar x 35.5 pr.veke = 355 timar til disposisjon pr. dag frå kl. 07.30 til kl.22.00

Desse timane vert fordelte slik:

4 dagvakter a 7.5 timar = 30 timar : 16 pasientar = ca. 1.88 time pr. pasient frå kl. 07.30 til kl.15.00

3 seinvakter a 7.5 timar = 22.5 timar : 16 pasientar = ca.1.41 time pr. pasient frå kl. 15.00 til 22.00.

Samla vert dette om lag **3.5 timar** til kvar brukar frå 07.30 til 22.00.

Dette er totaltida som pasientar skal ha dekkja alle sine grunnleggjande behov, mat/ drikke, personleg stell og pleie, habilitering, rehabilitering m.m.

Alt av dokumentasjon og rapportering ligg også inne i den berekna tida.

Vi har kjøkken som driv etter kok/kjøl prinsippet, det vil seie at all mat vert slutt-tilberedt ute på gruppene og er ein del av arbeidet der, og går av dei 3.5 timane som er til disposisjon..

Dei pasientane som er inne i institusjon/bufellesskap har gjennomgåande store og omfattande hjelpebehov.

Innan omsorgsetaten går alle som er i direkte brukarretta teneste i turnus med hovudsak arbeid 3.dje kvar helg, med unntak av avdelingsleiatarar, psykiatrisk sjukepleiar, heimetenesta i Bulandet/Værlandet og dei som arbeider på aktivitetssenteret/aktivitør som berre har ope i på dagtid.

Heimetenesta:

I heimetenesta har vi i også brukarar med omfattande hjelpebehov. Nokre av dei har 1:1 bemanning og kjem under ordning for ressurskrevjande brukarar.

Gjennomsnittleg er det 2 dagvakter i kvart område på dagtid og 1 seinvakt som skal arbeide i heile område som er landfast, dvs. frå Kvammen/Stongfjord, frå Eikenes til Follevåg . I helgane er det redusert bemanning på dagtid.

Brukartal og hjelpebehov er ikkje konstant og varierer over tid.

I tilknytning til omsorgsbustadene er det 3 el.4 dagvakter og 3 seinvakter. Dei har om lag 28 brukarar, og det er heile tida fortløpande vurderingar og ressursfordeling, der vi prøver å fordele personale der pleietyngda/hjelpebehovet til ei kvar tid er.

Ved innmelde nye omfattande hjelpebehov vert det alltid vurdert kvar ein kan gje forsvarleg hjelp med minst ressursar. Dersom det er behov for ekstra ressursar vert dette også forløpande vurdert.

På Atløy og i Bulandet/Værlandet får brukarane som hovudregel berre hjelp på dagtid. Årsaka er at vi førebels ikkje har nok ressursar til ei seinvakt ekstra (for stor del av arbeidstida går i reisetid.)

Frå 01.01.2012 er det gjenoppretta 1.6 stillingar og 1 stilling for fysioterapeut innan omsorgsetaten.

Vi har før utlysing hatt gjennomgang av alle avdelingar og har lagt til rette for at dei med små stillingar skal få auke opp.

Tilsettingsprosessen er ikkje ferdig enno.

Når det gjeld arbeid med turnusplanar er det heile tida pågåande prosessar som må tilpassast hjelpebehov og tilgang på personalressursar.

Når det gjeld oppfølging av sjukmelde og registrering av fråvær, følgjer vi rutinar som ligg til grunn i samband med inkluderande arbeidsliv. Sjølv Kostra rapporteringa er utdrag frå økonomisystemet som er basert på fortløpande registreringar frå etatane.

Med helsing

Anne Lise Andersen
kommunalsjef omsorg

Kopi til:

Rådmann Svein Festervoll
Ass.Rådmann Håkon
Loftheim

Forvaltningsrevisjonen
v.Charles Listheim

Askvoll 28.05.08

Handtering av vakansar, permisjonar, tilkalling av ekstravakter m. m. innan pleie og omsorgsetaten i Askvoll kommune.

1.Vakansar

Definisjon på vakant stilling: Ledig budsjettert stilling som ("som ingen eig") og ikkje er tilsett i.

Ved ledig stilling vert det alltid avklara om stillinga skal lysast ut, kva ein gjer i påvente av at nokon vert tilsett.../korleis denne skal lysast ut/evt.sjåast i samanheng med andre ledige stillingar .

Vi har som rutine at dette også vert orinert om/drøfta med tillitsvalde.

Ellers er dette ei avklaring mellom avdelingsleiarar og pleie- og omsorgssjef, eventuelt adm.sjef.

Dei fleste av stillingane innan pleie og omsorg er ein del av ein arbeidsplan, det inneber at vi som hovudregel må ha inn personar i dei enkelte vaktene ute i avdelingane, ellers vil ikkje bemanninga vere i samsvar med arbeidsoppgåvene.

Når vi har avgjort korleis vakant stilling skal handterast, vert denne i påvente av utlysing/tilsetjing/2.g.utlysing m.m. tilsett midlertidig eller vaktene vert oppført i ekstravaktbok i avdelingane.

Ekstravaktbok er ei notatbok som ligg ute i kvar avdeling. I denne vert oppført alle vakter som vert ledige på grunn av sjukdom, permisjonar, vakansar, ekstrabemanning, feriedagar utanom hovedferie osv.

Der er laga eit system med kven som kan skrive seg opp i denne boka (etter kvalifikasjonar og ansiennitet). Dette er til ei kvar til avdelingleiar sitt redskap for å halde kontroll med bruk av ressursar innan tildelte rammer i dei enkelte avdelingane.

Dette vert kontrollert opp mot gjeldande arbeidsplanar og oppførde timar på timelistene kvar månad.

2.Permisjonar.

Permisjonar – avhengig av permisjonsart/lengde vert som hovudregel lyste ut.

Permisjonar heimla i AML/HTA og pers.reglement for Askvoll Kommune vert handtert slik det går fram der. Permisjonar under 1 år vert handsama administrativt.

I påvente av utlysing/tilsetjing og ved korte permisjonar vert vaktene førte i "boka" og handtert som ved vakansar.

3. Ekstravakter.

Ekstravakter vert definert som bemanning utover gjeldande arbeidsplan. Stort sett på grunn av ekstra oppgåver/hjelpebehov som følgje av enkeltvedtak som ikkje vert dekkja innan ordinær bemanning. Desse tilfella skal alltid avklarast med pleie- og omsorgssjef. Der vi ser at tiltak går utover tildelte rammer må pleie- og omsorgssjef avklare/rapportere til adm.sjef. og evt.lage sak til politisk handsaming.

Det er avdelingsleiar sitt ansvar å sjå til at bemanninga er forsvarleg og i samsvar med tildelte ressursar i kvar avdeling

Pleie- og omsorgssjef/avdelingsleiarar har faste møte kvar 14.dag der vi mellom anna går gjennom personalsituasjonen. Dette held oss oppdatert til ei kvar tid. Endringar vert handtert fortløpande derifrå. Arbeidsoppgåver vert fordelte og merkantilt personale skriv ut lønstilvisningar/lønsstopp, lagar arbeidsavtaler mellombelse/avgrensa tidsrom,m.m. alt etter kva som vert avtala.

Pleie- og omsorgssjef/avdelingsleiarar har gjensidig info-møte med tillitsvalde/verneombod fast 1 gong pr. mnd.

Dette held og dei som arbeider i organisasjonen rimeleg oppdaterte på ledige/vakante stillingar/tilsetjingar/permisjonar og lignande.

Det vert laga skriftlege avtaler med alle som går inn i vikariat og vakansar.

Fast tilsette som arbeider i mindre enn 100% stilling har skriftlege avtaler dersom dei ønskjer å arbeide ekstra. Desse vert forlenga alt etter behov/ønskje og vidare oppdaterte i samband med utsending av timelister og lønskøyring.

Vonar dette er informasjon de kan bruke i dykkar arbeid. Det er i gang arbeid med å lage nye skriftlege rutinar innan dette område på grunn av omleggingar til elektronisk dokumentasjon som både gjeld brukarar og tilsette og ressursbruk, men i prioriteringa av viktige oppgåver er dette dessverre arbeid som kjem litt ned på "lista" over gjeremål. Det har si årsak i at rutinane er godt innarbeidde i organisasjonen og at vi har personar som har arbeidd lenge i systemet. Det meste at denne informasjonen flyt difor av seg sjølv.

Med helsing

Marit Erikstad
Konst-pleie og omsorgssjef

11/94-1

11/624

403 710/ALA



Askvoll
KOMMUNE

Protokoll/avtale

Partane er einige i vedlagde protokoll med fylgjande presiseringar.

1. Ny arbeidsplan skal føreligge underskriven så tidleg som mogleg og aldri seinare enn 2 (4) veker før arbeidsplanen skal i verk settast.
2. Partane er einige om 6 veker oppseiing på arbeidsplan. Forøvrig viser til punkt nr 1.
3. Det skal vere utarbeid ein grunnturnus som går over 6 veker. Turnusen skal rullere og ligge i botn for halvårsperiode. 01.03. – 31.08 og 1.9 – 25.2.
4. Døgn og veke er definert til kl 00.00 til kl 24.00 og veka er frå måndag kl 00.00 til søndag kl 24.00.
5. Normalarbeidstida er 7,5 timar pr. dag.
6. Arbeidsplan er utarbeida i samarbeid med dei tillitsvalte og arbeidsgjevar etter arbeidsmiljølovens § 10.5 (2)
7. Arbeidsplan er etter avtale med dei tillitsvalte utarbeidet etter aml § 10.5 (3) om gjennomsnitts berekning, slik at den enkelte kan arbeide opptil 54 timer i enkelte veker og inntil 13 timar pr vakt inklusiv kviletid. (rundskriv 10/2006) Særavtale mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar på langvakter.
8. Kviletida mellom vaktene skal være minimum 8 timer – aml § 10.8 (3)
9. Partane er samde i å legge F1 dagen så nært arbeidshelg som mogleg evt den første fridagen i veka. F1 skal gi ein samanhengande arbeidsfri periode på minimum 28 timer i løpet av 7 dagar. Aml § 10.8 (3) Denne F1 dagen skal ein ha kvar veke og fortrinnsvis på ein søndag eller helgedag.
10. Arbeidsplanen omfattar arbeid i snitt kvar 3 helg. Om arbeidstakaren ynskjer det kan det og avtalast arbeid i snitt kvar 2 helg.
11. Helge og høgtidsturnus: I samband med jul/nyttårs avviklinga (3v.) og påske/mai (10 v.) er partane einige om å dele personalet inn i 2 eller 3 grupper, og helgedagsturnusen vert innarbeid i halvårsplan.

Når det gjeld oppsetting av helg og høgtidsturnus skal det leggst vekt på korleis vedkommande arbeida forige år. Ein skal prøve å ta omsyn til ønskjer så langt det kan la seg gjere. Partane er einige om å ha samanhengande fri i samband med avvikling av helg og høgtidsdagar.

12. Ferie: I hovud ferien er partane einige om å bruke ein hjelpeturnus over 8 veker, utarbeidd i høve grunnturnus og lagt i halvårsplan. Arbeidstakar har rett til å få vite sin hovud ferie så tidleg som mogleg, og aldri seinare enn 2 månader før ferien startar. Ferien blir fordelt på "tidleg" – "sein" og det blir tatt omsyn til korleis arbeidstakaren arbeida føregåande år.

Frist for søknad om endring av ferie tidspunkt samt 5 ferieveka vert avtala for kvar halv års periode med tillitsvalte. Frist for endring av hovud ferie vert 15 januar, gjeldande år. Søknad om endringar skal vere skriftleg. Arbeidstakarar kan evt "byte" ferietidspunkt. Arbeidstakarar som byter må då gå den andre sine vakter i turnus og fylle same kompetansekrav. Dette må og føreligge skriftleg.

Ferie i mai og desember berre etter søknad. Dei som har konfirmasjon blir prioriterte i mai.

Avdelingsleiarar:

Marit Erikstad

Marit Erikstad
Avd II

Kjellrunn S. Vigdal

Kjellrunn S. Vigdal
Avd III

Nancy E. Bauge
Nancy E. Bauge
Avd IV

Tillitsvalgte:

Sissel Heggheim

Sissel Heggheim
NSF

Wenche Ness Gabrielsen
Wenche N. Gabrielsen
Fagforbundet

Anita Rennestraum
Anita Rennestraum
Fo

Sidsel Høydal
Sidsel Høydal
Delta

25.01.11

Ref: Nancy Bauge
- and. i. -

017/12 OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 - ASKVOLL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat
Dato: 10.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	21.05.12	017/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2012 Askvoll.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 - ASKVOLL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 10.05.2012

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2011 - Askvoll.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Askvoll kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
13/08 Forvaltings-revisjonsrapport -- vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg.	04.12.08	Det skal følgjast opp at vedtaket til kommunestyret vert gjennomført.	04.12.08 Tilråding KU. 04.12.08 Saka s kst. 02.03.09 Vedtak kst sak 09/09. Neste: Oppfølging av vedtak 29.08.11 Brev til Askvoll kommune 02.03.12 Brev til Askvoll kommune 08.03.12 Brev frå Askvoll kommune.
020/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.12.09		10.12.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Orientering frå revisor - Kvalitetsrapportar frå revisor.
025/11 Overordna analyse.	18.11.11		18.11.11 – Vedtak KU: Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.
027/11 Eventuelt	18.11.11		18.11.11 – Vedtak KU: - Det vert teke opp sak om å kalle inn rådmannen for å orientere og teknisk sektor. - Medlemer i kontrollutvalet som ikkje er medlemer i kommunestyret ynskjer å få tilsendt innkallingar til og protokollar for kommunestyremøte og formannskapsmøte.
Sak 01/12 Godkjenning innkalling og sakliste.	09.03.12		14.03.12: Vedtak KU – Ikkje merknader
Sak 02/12 Skriv og meldingar.	09.03.12		14.03.12: Vedtak KU – Teke til vitande.
Sak 03/12 Orientering teknisk sektor v/rådmannen.	09.03.12		14.03.12: Vedtak KU – Teke til vitande.
Sak 04/12 Klagesak -- Vurdering lovlegheit av kst-vedtak 15/11.	09.03.12		14.03.12: Vedtak KU: - Kontrollutvalet er ikkje klageorgan. - Kontrollutvalet sender saka over til rådmannen. - Kontrollutvalet ber om å få svarbrevet frå rådmannen på brev frå Friplan av 12.11.2011. 15.03.12 Brev til Friplan med vedtak. 15.03.12 Brev til Askvoll kommune.
Sak 05/12 Investeringsprosjekt -- Rekneskapar og sluttrapportar.	09.03.12		14.03.12 – Fråsegn frå kontrollutvalet. 15.03.12 s Askvoll kommune.
Sak 06/12 Eigevurdering uavhengigheit revisor.	09.03.12		14.03.12 Vedtak KU 15.03.12 s kst til orientering.
Sak 07/12 Tinging forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering av	09.03.12		14.03.12 Vedtak KU. 15.03.12 s. KRYSS revisjon.

innkjøpsfunksjonen.			
Sak 08/12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg.	09.03.12		02.03.12 Brev til Askvoll kommune. 08.03.12 Brev frå Askvoll kommune med mb svar. 14.03.12 Vedtak KU – Utset saka.
Sak 09/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.	09.03.12		14.03.12 Tilråding til kst. 15.03.12 s kst.
Sak 010/12 Møteplan 2012 for kontrollutvalet.	09.03.12		14.03.12 Vedtak KU – Godkjent.
Sak 011/12 Oppfølgingsliste 1-2012.	09.03.12		14.03.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
Sak 012/12 Eventuelt.	09.03.12		14.03.12 Det vart ikkje teke opp saker

Oppdatert 10.05.2012

018/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 10.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2012	018/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.